

Etatsstyring 2018

Tilbakemelding til Høgskulen i Volda

Etatsstyringsmøtet	
Dato og tid	14. mai 2018 kl. kl. 9 - 11
Stad	Kunnskapsdepartementet
Deltakarar frå høgskulen	Johann Roppen, rektor
	Tor-Johan Ekeland, styremedlem
	Inger Østensjø, styremedlem
	Kjell-Einar Dagfinrud, styremedlem
	Jon Erik Svendsen, styremedlem
	Janne Heggvoll, styremedlem
	Nikolai Hannevik Nordlid, styremedlem
	Karen Lomeland Jacobsen, direktør
Deltakarar frå departementet	Knut Bøvre, ekspedisjonssjef (møteleiar)
	Gro Beate Vige, seniorrådgjevar
	Sigve Berge Hofland, seniorrådgjevar
	Thor-Martin Antonsen, seniorrådgjevar
	Christoffer Wiig, seniorrådgjevar

Profil og utviklingsstrategi

Høgskulen i Volda (HVO) legg særleg vekt på nynorsk, fleksibel utdanning, yrkesretta medieutdanning og lærarutdanning. Høgskulen arbeider òg for å vere en høgskule som leverer god kompetanse og kvalifisert arbeidskraft til det regionale arbeids- og samfunnslivet. Departementet viser til krava til høg kvalitet i utdanning og forskning og har merka seg at studiekvalitet vil stå høgst på dagsordenen for styret i 2018. Det er vidare viktig at høgskulen held fram med å utvikle den regionale profilen. Departementet viser til samarbeidsavtalen mellom Høgskulen i Volda og Universitetet i Bergen og meiner at avtalen er viktig, og at begge partar må følge opp avtalen. Departementet er bekymra for utfordringa knytta til om høgskulen klarar å rekruttere toppkompetanse til fagstillingar.

HVO skal greie ut muligheter og utfordringar med å halde fram som ein profilert, mindre høgskule eller i eit forpliktande samarbeid med andre institusjonar i UH-sektoren. Departementet ser positivt på dette arbeidet knytta til strategiprosessen.

HVO ser ut til å ha ei fornuftig vurdering av framtidsutsiktene for utdanningane sine, ein strategi som legg vekt på fortrinna til institusjonen, og ein profil som kombinerer det å svare på samfunnsbehov med å gi høgskulen eit særpreg.

Departementet ber om at høgskulen vurderer måla over i strategiprosessen. Dette gjeld særleg utfordringa knytta til profil og framtidsutsikter.

Resultat og måloppnåing

Utdanning/lærarutdanning

Departementet er nøgd med at Høgskulen i Volda i 2017 i stor grad har lukkast i rekrutteringa og no har fleire studentar enn nokon gong tidlegare. Det same gjeld auken i

talet på studentar som møtte til GLU 1–7, sjølv om det framleis trengst betre rekruttering til dette studiet. Vi har òg merka oss at auken i studenttalet er størst i idrett og friluftsliv.

HVO har tradisjonelt vore ein solid utdanningsinstitusjon, særleg på bachelornivå, men utviklinga frå 2016 til 2017 viser nokre urovekkande teikn, mellom anna med lågare gjennomstrøyming på normert tid, færre avlagde studiepoeng per student og lågare opplevd studiekvalitet (Studiebarometeret).

Reduksjonen i delen som fullførte bachelorutdanning på normert tid frå 2016 til 2017 er stor, og departementet har merka seg at det er studia med mykje valfridom som har dårleg gjennomstrøyming. Departementet ber høgskulen om å arbeide aktivt for å betre resultatane på dette området. Vi er nøgd med at høgskulen blant anna følgjer opp med å revidere studieplanane for å gi betre kontinuitet og oppfølging.

Når det gjeld den låge fullføringa på masterutdanninga på heiltid, er departementet innforstått med at mange av masterstudentane er godt erfarne vaksne som tar utdanning ved sidan av jobb. Vi ber difor om at høgskulen nøye vurderer om fleire studium på dette nivået bør vere på deltid. Vi har merka oss at høgskulen har ein handlingsplan for å auke gjennomstrøyminga på masterstudia.

HVO må arbeide vidare med å finne ut kvifor nedgangen i resultat på Studiebarometeret skulle bli så stor på eitt år, frå 2016 til 2017. Departementet har notert seg at noko kan ha opphav i overgang til ny læringsplattform og misnøye på grunn av dårleg informasjon til studentane på fireårig lærarutdanning i samband med overgang til ny studieordning. Vi går ut frå at dette no er retta opp i. Departementet har vidare merka seg at høgskulen har utarbeidd ein handlingsplan i samarbeid med studenttinget for å følgje opp at studentane skal bli meir nøgde med studiemiljøet.

HVO når kandidattala for alle utdanningane med måltall, med eitt unntak, GLU 1–7. Det er viktig å halde fram med innsatsen for at tala her skal bli betre framover.

Departementet føreset at HVO følgjer opp strategien *Lærarutdanning 2025 – Nasjonal strategi for kvalitet og samarbeid i lærarutdanningane* frå juni 2017 og ber om at høgskulen i årsrapporten for 2018–2019 gjer greie for samarbeid med aktuelle kommunar om partnerskap og lærarutdanningsskular.

Vi har merka oss at internasjonalisering og digitalisering er prioriterte område i lærarutdanninga.

HVO ser ut til å ha kome langt i digitaliseringsarbeidet. Med nærare 1300 studentar på nett- eller fjernstudium er høgskulen godt i gang med å gjere utdanningstilbodet meir fleksibelt.

Når det gjeld internasjonalisering, har departementet notert seg at den nye engelskspråklege masteren «Master of Media Practice» rekrutterer godt, og at det er ein auke i talet på utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ som del av det totale tal studentar. Strategien om å fokusere på kvalitet og redusere porteføljen av avtalar med partneruniversitet verkar fornuftig.

Departementet har merka seg at talet på studiepoeng per fagleg årsverk er høgare for HVO enn for snittet for dei statlege institusjonane. Høgskulen har òg ein høgare del av masterkandidatane i arbeid eit halvt år etter fullført utdanning enn snittet for dei statlege institusjonane, sjølv om det her har vore stor nedgang frå 2013 til 2017.

Forsking

Talet på publiseringspoeng per forskarårsverk er lågare enn for to-tre år sidan, og av dei lågaste blant høgskulane, sjølv om det auka noko frå 2016 til 2017. Departementet forventar at høgskulen intensiverer arbeidet med å auke publiseringa utover nivået i 2017. HVO rapporterer om fleire tiltak for å auke dei eksterne forskingsinntektene, at talet på søknader til Forskringsrådet har auka, og at dei eksterne inntektene bør auke når tiltaka har fått tid til å verke.

Departementet meiner at planane om å konsentrere FoU-ressursar til område som er strategisk viktige for høgskulen, er fornuftige. Omtalen av forsking i årsrapporten kunne med fordel i større grad gått inn på kvaliteten i forskinga, korleis ho bidreg til å utvikle HVO, og nytten forskinga har regionalt og nasjonalt.

Innmeldt sak frå institusjonen

Sak om gradsforskrift og rapportering av resultat frå felles ph.d.-grad mellom Høgskulen i Volda og Høgskolen i Molde: Saka blei følgt opp i e-postkorrespondanse 16. mai 2018 mellom seniorrådgjevar Gro Beate Vige i KD og direktør Karen Lomeland Jacobsen ved HVO. Departementet gjorde der greie for at høgskulane har val mellom to ulike måtar å rapportere til DBH på og reknar med at Høgskulen i Volda tek dette vidare med Høgskolen i Molde.

Digitalisering

Departementet har merka seg at HVO arbeider med å ta i bruk digitale løysingar og har satt i verk fleire digitaliseringstiltak i 2017. Digital eksamen er innført for stort sett alle skriftlege eksamenar. HVO har bytta datasystem for studentane, som kan vere ei forklaring på kvifor høgskulen går ned på indikatoren frå Studiebarometeret. Høgskulen kan oppnå gevinstar når arbeidsoppgåver og tenester blir digitaliserte. Departementet ser positivt på grepa HVO tar. Dei er i tråd med KDs digitaliseringsstrategi for universitets- og høgskulesektoren.

Ny personvernforordning (GDPR)

Stortinget vedtok ny personopplysingslov 28. mai 2018. EU sin personvernforordning (GDPR) blir gjennomført i den nye personopplysingslova som tidlegast vil kunne tre i kraft i juli 2018.

Det nye regelverket for personvern gjev sterkare rettar til enkeltpersonar og nokre nye plikter til verksemdar. Det blir mellom anna strengare krav til risiko- og konsekvensutgreiing, plikt til å føre protokoll over all handsaming av opplysninga behandlingsaktivitet og byggje personvern inn i nye IKT-løysingar. Departementet føreset at HVO endrar rutinar og set i verk tiltak som sikrar etterleving av det nye personvernregelverket. Nyttig informasjon finst på heimesidene til UNINETT og NSD.

God ressursbruk og forvaltning

Tiltak for å hindre seksuell trakassering

Det har vore mykje merksemd om trakassering i academia, især seksuell trakassering. I universitet- og høgskular er det skeive maktforhold, både mellom tilsette, mellom studentar og mellom tilsette og studentar. Det inneber særleg risiko for trakassering. Lovverket slår fast at studentar og tilsette skal ha fullt forsvarleg lærings- og arbeidsmiljø. Universitets- og høgskulerådet har etablert ei arbeidsgruppe for å arbeide mot trakassering. Departementet føreset at alle universitet og høgskular held fram arbeidet med å arbeide mot trakassering.

Avsetningar

HVO har høge avsetningar ved utgangen av 2017. Departementet finn ikkje grunngjeving for så høge avsetningar og viser til tilbakemelding frå etatsstyringa i 2016 der dette òg blei påpeikt. Departementet ventar at avsetningane blir reduserte i 2018.

Andre tilbakemeldingar

Departementet har merka seg at Høgskulen i Volda har lagt om årsrapporten for 2017–2018. Rapporten er velformulert, lett å lese og gjev god oversikt. Rapporten har eit godt format, men på enkelte punkt saknar vi betre vurderingar og grunngjevingar.

Eitt eksempel er at vi i tilbakemeldinga for 2016 bad om ein analyse av tiltaka og resultatane med omsyn til den faglege tidsbruken blant studentane. Vi kan ikkje sjå at årsrapporten for 2017–2018 gjev eit godt nok svar på denne førespurnaden.

Utviklingsavtale

Det var dialog om framlegg til utviklingsavtale for HVO. HVO skal arbeide med avtalen og kjem med eit revidert utkast til hausten 2018.